

VEDTEKTER FOR VOSSAVASSDRAGET FORVALTNINGSLAG

§ 1 Vossavassdraget forvaltingslag SA

Vossavassdraget forvaltingslag SA (heretter kalla laget) er ei samanslutning av fiskerettshavarar i den delen av Vossavassdraget som fører anadrom laksefisk i Voss kommune, jmf §17 og kart i vedlegg 1.

Føretaket har sitt forretningskontor i Voss kommune.

§ 2 Føremål

Laget er oppretta i samsvar med vilkåra i «Forskrift om pliktig organisering og drift av vassdrag med anadrome laksefisk» og skal ta vare på dei lovpålagte forvaltningsoppgåvene gitt i Laks- og innlandsfiskeoven med tilhøyrande forskrifter. Laget skal forvalte fiskeressursane i vassdraget, til beste for medlemmene innafor rammene av ei berekraftig ressursforvaltning.

Laget skal vere felles kontaktledd mellom lagets medlemmer og offentlige styresmakter.

Laget har ikkje erverv til føremål og den enkelte medlem disponerer sjølv eigen fiskerett eventuelt i samarbeid med andre medlemmer. All formidling av fiske går føre seg uavhengig av laget.

§ 3 Ansvar

Laget er eit sjølveigande og ein frittstående juridisk person med upersonlig og avgrensa ansvar for gjeld.

Laget har ikkje høve til å finansiere drift eller tiltak gjennom opptak av lån eller tilsvarende finansieringstiltak, med mindre dette skjer gjennom at medlemmene frivillig forskotterer utgifter mot seinare fråtrekk i skuldig forvaltingsavgift.

§4 Medlemmer - lut

Alle med fiskerett innafor det området som er definert i §1, er med i laget og må følgje dei vedtak som blir gjort. Det er ikkje mogeleg å melde seg ut av laget.

Dersom ein eigedom blir delt, og den frådelte parsellen får fiskerett, blir den frådelte eigedommen automatisk med i laget. Storleiken på luten må avtalast mellom kjøpar og seljar og rapporterast omgåande av seljar til laget. Hovudbruket sin lut skal i tilfelle reduserast tilsvarande. Ved alle eigedomsoverdragingar skal tidlegare eigar rapportere namn og adresse på ny eigar til laget. For fiskeretter i sameige, tildeles lutar felles. Fordelinga internt i sameige styrast av Sameigelova og evt. tinglyste avtalar.

Fiskerettshavarar som ikkje eig grunn, deler lut med bakgrunn i tinglyste avtalar på eigedommen. Eigedomar som er med i laget, og deira lutar, går fram av § 17.

Lutane er rekna ut i samsvar med vilkåra i «Forskrift om pliktig organisering og drift av vassdrag med anadrome laksefisk» §6. Utrekninga er gjort etter eigedommane si skyldmark. Når det vert opna for ordinært fiske i vassdraget, skal lutane reknast ut etter 25 prosent strandlinje og 75 prosent etter gjennomsnittleg fangst siste 5 år når dette er tilgjengeleg. Fordelinga av lutane skal reknast ut på nytt etter 3 år.

Dersom det viser seg at nokon av dei oppførte medlemmer likevel ikkje har fiskerett, trer dei ut av laget. Eigedommar som viser seg å ha fiskerett, men som ikkje har vore med i laget, skal bli med i laget.

§5 Årsmøte

1. Konstituering

Årsmøtet er lagets øvste organ. Ordinært årsmøte skal haldast innan utgangen av april kvart år. Styret kallar inn til årsmøtet. Innkallinga til årsmøtet med saksliste skal skje skriftleg med minst tre vekers varsel. Saker som medlemmer ønskjer å ta opp på årsmøtet skal vere innkomne til styret innan 1. januar. Årsmøtet kan ikkje gjere bindande vedtak i andre saker enn dei som er nemnt i innkallinga.

Dersom ein fiskerettshavar ikkje møter sjølv, kan denne la seg representere av ein annan person ved framlegging av skriftleg fullmakt. Ingen kan møte med meir enn to fullmakter. Ektefelle kan møte og stemme utan særskilt fullmakt. Er eit selskap fiskerettshavar kan dagleg leiar/forretningsfører med prokura, eller styremedlem som teiknar selskapet, møte og stemme. Institusjonelle

eigarar; kommunar, selskapet osv. som er rettshavarar i forvaltningslaget, kan møte med ein person. Dersom det ikkje er ein person som har selskapets prokura, skal den som møter ha fullmakt gjennom høvesvis formannskapsvedtak eller styrevedtak. For eigedommar som ligg i sameige, er det krav om eit skriftleg sameigevedtak (fleirtalsvedtak) som peiker ut kven som skal stemme på årsmøtet.

2. Fleirtalsvedtak

Det enkelte vedtak på årsmøtet blir avgjort med vanleg fleirtal (simpelt relativt fleirtal) mellom dei frammøtte. Ved avstemming og val har kvar medlem stemmetall etter lut. Dersom alle dei frammøtte er einige om det, kan avstemming skje ved at kvar medlem har ei stemme. Ved skriftleg avstemming blir blanke stemmer rekna som ikkje avgjevne. Likt stemmetall ved val blir avgjort ved loddtrekning. Ved avstemming elles har møteleiar dobbeltstemme.

Fleirtalsvedtak må ikkje påføre nokon medlem større kostnad og ulempe, enn nytte. Vedtaket må heller ikkje føre med seg usakleg forskjell mellom rettane til fleirtalet og mindretalet, eller gje urimelige fordelar for fleirtalet til skade for mindretalet. Ved endringar av fiskereglar skal alle medlemmer så langt som mogeleg rammast relativt likt. Medlemmer som meiner vedtak er i strid med desse føresetnadane, kan bringe saka opp for rettsleg skjønn.

3. Årsmøtet skal:

1. Velje møteleiar.
2. Fastsetje om votering skal skje med bakgrunn i lut, eller ei stemme per medlem, jmf §5.2
3. Godkjenne saksliste og innkalling.
4. Registrere frammøtte.
5. Velje protokollførar og to personar som saman med leiaren, skal underskrive protokollen.
6. Handsame styrets årsmelding og årsrekneskap.

7. Handsame styrets forslag til disponering av årsresultat.
8. Handsame styrets arbeidsplan og budsjettforslag, samt fastsetje årsavgift.
9. Velje leiar annakvart år.
10. Velje dei styremedlemmer og personlege varamenn som står på val.
11. Velje den av dei to revisorane som er på val, for 2 år med personleg varamann.
12. Velje den av dei tre i valkomiteen som er på val, for 3 år med personlig varamedlem.
13. Handsame innkomne saker.
14. Oppnemne aktuelle komitear/utval etter forslag frå styret.
15. Vedta eventuelle godtgjeringar for verv i styrer og komitear etter forslag frå valkomiteen.

Vidare skal årsmøtet dersom det er aktuelt:

16. Handsame styret sitt forslag til organisering for stasjonane for desinfeksjon av fiskeutstyr og smitteverntiltak elles, fiskekultivering, oppsyn, fangstregistrering, naudsynt informasjon til rettshavarar og fiskarar, overvaking, fiskeregler, vedta å utarbeide/ajourføre driftsplan, evt. endring av vedtektene jmf. §15.

4. Protokoll

Det skal førast møteprotokoll for årsmøta. Protokollen skal vere tilgjengeleg for alle medlemmer i laget.

§6 Ekstraordinært årsmøte

Styret skal innkalle til ekstraordinært årsmøte når styret eller minst 1/3 av lagets medlemmer, rekna etter lut, krev det.

Innkallinga til og sakshandsaminga på det ekstraordinære årsmøtet føl reglane for det ordinære årsmøtet. Det kan berre bli tatt avgjersler i saker som går

fram av innkallinga.

§7. Styret

1. Samansetjing

Lagt blir leia av eit styre på 5 medlemmer med personlege varamedlemmer. Styremedlemmene veljast for 2 år. Styret vel sjølv blant sine medlemmer nestleiar, kasserar og sekretær. Styret skal ikkje engasjere dagleg leiar. Styreleiar skal ha funksjon som dagleg leiar i samsvar med Samvirkelovens § 65.

Det er svært viktig at det er balansert representasjon frå ulike delar av vassdraget i styrande organ for fellesforvaltinga. Styret skal såleis bestå av 1 representant frå Vosso, 1 representant frå Bolstad, 1 representant frå Teigdalselva, 1 representant frå Evangervatnet og 1 representant frå Vangsvatnet.

Styret er vedtaksdyktig når minst tre styremedlemmer eller deira varamedlemmer møter. I situasjonar der det er likt stemmetal i styret, har leiaren dobbelstemme.

2. Etter retningsliner frå årsmøtet skal styret mellom anna:

1. Arrangere årsmøte, gje årsmelding med rekneskap for føregåande år og utarbeide budsjettforslag og arbeidsplan for inneverande år.
2. Arbeide for ei rasjonell drift av laget i samsvar med formålsparagrafen.
3. Utarbeide forslag til:
 - driftsplan for fisk i tråd med vedtak i årsmøtet
 - fiskereglar, fiskekultivering, oppsyn og fangstregistrering
 - justerte lutar kvart 3. år
 - årsavgift og evt. forskot
 - aktuelle komitear og utval

4. Administrere innkrevjing av årsavgift, og syte for at alle medlemmene rettar seg etter regler vedtekne på årsmøtet.
5. Syte for at laget eventuelt blir registrert i dei offentlege register som lova krev eller som vert sett som føremålstenleg.
6. Syte for at alle naudsynte, offentlege løyver vert henta inn for gjennomføring av driftsplan eller andre tiltak i vassdraget.
7. Samle inn statistikk over oppfiska kvantum, og ha ansvar for overvaking av laksestamma av vassdraget.
8. Ajourføre medlems- og adresselister.
9. Arbeide for at elvas fiskeressursar blir utnytta i tråd med vedtak i årsmøtet.
10. Varsle Miljødirektoratet via Fylkesmannen om manglande fangstrappertering eller brot på fellesforvaltningas vilkår om fisket.
11. Ut over dette legg styret fram forslag til årsmøtet jmf. §5 eller på eige initiativ.

3. Protokoll

Det skal førast protokoll frå styremøta som skal vere tilgjengeleg for medlemmer i laget.

§8 Arbeidsår og plikter

Rekneskaps- og arbeidsår føl kalenderåret. Laget er forplikta av styreleiar saman med eitt styremedlem.

§9 Valkomit 

Valkomiteen er samansett av 3 medlemmer. Funksjonstida er 3  r. Den medlemmen som har fungert lengst samanhengande, skal vere leiar. Komiteen fattar avgjersler ved vanleg fleirtal.

§10 Finansiering av laget

Det skal ikkje betalast partsinnskot.

Laget skal finansiere drift og tiltak ved at det blir søkt om offentlege tilskot og ved at medlemmene betaler årsavgift. Purregebyr kan påleggjast etter statens satsar. Styret har fullmakt til å drive inn ubetalt årsavgift ved tvang, jf. lovens § 25 åttande ledd. For eigedomar som ligg i sameige, fordelast utgiftene mellom dei i sameige i like store delar om ikkje ei anna deling er skriftleg innmeldt til laget. Manglande innbetaling kan òg rapporterast miljøstyresmakter saman med ei oppmodning om at det ikkje opnast for fiske på vedkommande strekning.

Årsavgift pr. lut blir fastsett på årsmøtet. Årsavgift på under 500 kroner kan krevjast inn for tre år av gangen.

§11 Fangstregistrering

Alle som fiskar i elva, også rettshavarane sjølv, må registrere fangstdata etter retningsliner vedtatt på årsmøtet. Rettshavar er ansvarlig for registreringa, òg når denne sel fiskekort eller leiger ut strekninga. Styret skal varsle Miljødirektoratet via Fylkesmannen om manglande fangstrapportering.

§12 Tiltak i vassdraget

Laget kan stå som tiltakshavar for vassdragstiltak innafor lagets område, jmf. vassressurslova og laks og innlandsfiskelova. Vassdragstiltaket må gå fram av vedtatt driftsplan, og dei naudsynte, offentlege løyver må vere innhenta. Dersom det viser seg at grunneigar/rettshavar blir påført skade som følgje av tiltaket, må reglane i vassressurslova om skjønn og erverv av rettar gjelde.

§13 Inntekter og utgifter

Det skal ikkje budsjetterast med inntekter større enn det som er naudsynt for å oppfylle lagets formål. Dersom rekneskapen likevel skulle vise overskot, skal dette setjast av i eit driftsfond.

§14 Oppløysing

Laget kan ikkje oppløysast før det eventuelt vert opna for det i Forskrift om pliktig organisering og drift av vassdrag med anadrom laksefisk. I så tilfelle kan det fattast vedtak om oppløysing av laget med 2/3 fleirtal av eit ordinært

årsmøte, etter at det har blitt reist tilsvarende forslag på førre årsmøte. Minst halvparten av lutane må vere representert. Møter ikkje så mange, kan framlegget vedtas på nytt årsmøte med vanleg fleirtal rekna ut frå dei frammøtte lutane.

Ved oppløysing skal lagets aktiva setjast av i eit fond til fremme av laksefiske, styrt av Voss kommune.

§15 Endring av vedtektene

Endringar i desse vedtektene vedtas i lovleg innkalla årsmøte etter forslag frå styret. Til gyldig vedtak krevjast 2/3 fleirtal blant dei gitte stemmer med mindre det etter lova stillast strengare krav, jf Samvirkelova § 54.

§ 16 Tvistar

Tvistar mellom medlemmer eller mellom medlem og laget som har sitt utspring i lagets verksemd, skal partane søkje løyst med god vilje gjennom forhandlingar.

Dersom semje ikkje vert nådd kan partane bli einige om å avgjere tvisten ved skilddom med fiskeansvarlig i den kommune føretaket har sitt forretningskontor som einedomar.

Bli partane ikkje einige om skilddom blir tvisten avgjort av dei ordinære domstolane med verneting i den kommune føretaket har sitt forretningskontor.

§17 Lutefordeling

Sjå vedlagte lister og kart.